



**Full mobilisering.** Småsamfunnsatsinga i hoppid.no har plukka ut fire bygder som får støtte til mobilisering for entreprenørskap, trivsel og busetjing. Dei fire er:

Innfjorden (200 000)

Vistdal (300 000)

Veidholmen (200 000)

Velledalen (200 000)

-Dei fire bygdene som no er plukka ut utmerkar seg med tradisjonar for godt samarbeid og dugnadsånd, samtidig som dei har utfordringar innan næringsutvikling og busetjing. Samtlege har spennande planer for eit mobiliseringsarbeid over tre år. Det er frivillige lag eller organisasjonar som, på vegne av bygda, får tilskot til å leie prosjekta, heiter det i meldinga som Møre og Romsdal fylke sende ut i samband med kunnjingeringa.

**Is og kaffi.** I yr glede lover styreleiar i Velledalen i Balanse (ViB), Petter Velle, gratis is og kaffi til alle ved Jokerbutikken i dalen, i morgon (laurdag 27.juni). Serveringa startar om lag klokka 12.00

Gløym ikkje kassa som heng same stad. Her kan alle, utan å namngi seg, kome med innspel av alle slag.

**Barnehage.** I løpet av kort tid vert ”garderobebygget” på Dalemyra fjerna for å gi plass til ny barnehage. Stillingane er lyste ut (les meir på [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net)). Bygginga av ny barnehage vil få stor omtale på nettsida i tida framover.

**Konrad Extrem.** Sondag 28.juni vert Konrad Extrem arrangert for fyrste gong. Vi kar to klasser. **Trim/Tur** har registrering mellom 1500-16.00 og start når ein måtte ynskje etterpå.

**Konkurranseklasse** har fellesstart klokka 16.00

Det er inga tidtaking i klasse Trim/Tur

Løypa startar i botnen av Hjorthol skogsveg og har mål på Koppen (540 m.o.h). Fyrste del på skogsveg, resten på sti.

Den er ca 2000 meter lang og stig med kring 430 høgdemeter

**Komande arrangement.** 3. og 4. juli vert Bøvollsfestivalen arrangert i Velledalen. Sjå programmet på [www.velledalen.net](http://www.velledalen.net). Helga etterpå, 11.juli, markerer trimgruppa i VIL fellesferiestart med sin årvisse grillkveld på Brunstadsætra.

**Skilting.** Ingen har tidlegare funne det naudsynt med skilting til Velledalen. Men etter dalen har vore i fokus i Molde med diverse søknader, har det brått kome opp eit skilt. Om det er Vegvesenet som har smelt det opp er uvisst. I så fall kan det tyde på at dei til og med elskar Velledalen. Slett ikkje verst. Ha ein brennheit, men GOD DAG!



This document was created with Win2PDF available at <http://www.win2pdf.com>.  
The unregistered version of Win2PDF is for evaluation or non-commercial use only.  
This page will not be added after purchasing Win2PDF.